



Juro Surowin (Georg Sauerwein)

Lesjevatnet eller fruktlaus lærdom

Det vesle lågsorbiske skriftet *Lesje-Woda abo wucha mimo ploda*, som den uvanleg målkunnige tyskaren Georg Sauerwein (1831–1904) gav ut på eige forlag i Bautzen i 1885, er eit innlegg i debatten i 1880-åri um ei planlagd regulering av Spree millom Cottbus (Chošebuz) og Lübbenau (Lubnjow).

Sauerwein, som skreiv dikt både på lågsorbisk og Dovremål, forutan på ei lang rekkje andre språk, åtvarar mot fylgjone av eit slikt inngrep i naturen, serleg for sorbisk språk og identitet i desse traktene, og fortel korleis det gjekk då «Lesjevatnet» (Lesjavatnet) omkring 1860 vart tappa ned for å hindre flaum.

Lenge hadde eg ikkje høyrte noko frå vårt nedresorbiske paradís. Likevel, ogso utan tidender, vende eg – jamvel frå det unders fagre landet der eg no bur – tidt i tankane attende til dei traktene der Spree med sitt velsigningsrike vatn hev skapt eit paradís på jordi. Trass i alle uevner som lenge hev ynskt å tyne alt sorbisk, lyder her enno den dag i dag det kjære, herlege, vakre, gamle sorbiske målet i mange fagre songar og visor frå vene sorbiske gjentelippor. Her skal det òg halde fram med å lyde, som ein dyrverdig ervelut, gjeven i vår varveitsle av gjæve og gilde forfedrar, som kvar einaste sorbar – ja, ikkje berre det: kvar einaste brandenburger – burde kjenne seg ærleg byrg av. Eit sjeldsynt klenodium er det, ein skatt som berre me og ingen andre folkeslag eig.

Lat oss so sterkt me kann vise frå oss dei underlege og skamlause ordi som vart uttala av ein som einast i namnet var «sorbar». For å grunnkje sin vanvyrdnad og si mismætting av det sorbiske målet sa han: «Borni bør ikkje lære sorbisk. Dei skal oppfostrast til gode tyskarar, ikkje

til sorbarar eller polakkar.» Som um ein sorbar eller ein polakk ikkje kunde vera ein god tysk statsborgar! For ei skam, og då serskilt for ein sorbar, å segja noko slikt og dermed gje inntrykk av at det sorbiske folket ikkje er noko verkeleg folk. For ei urettvise andsynes dei tusundvis av polsktalande borgarar som hev ofra livet for landet vårt like so vel som folk med tysk som morsmål! Sanningi er sjølvsagt at korkje Sachsen eller Prøyssen nokon gong hev hatt betre, trugnare og meir fredsame borgarar enn sorbarane og litauarane med deira trottuge vilje til å halde fast på fedremål og fedresed.

Det segjer seg sjølv: Sann truskap lyt byrja i heimen. Dei som hev sagt seg laus frå folket sitt og foreldri sine og kasta vrak på morsmålet, kann nok for å mjøle si eigi kake rose seg av sin truskap og si trurøkne framfor andre. Men når det ber i herdingi, fell dei snøgt frå, slik eit hus som er tufta på sand, lyt rasa i røys for fyrste vindstøyten. Difor vil den som av fåfengd og umsyn til eigen bate vanvyrder og svik sine eigne, visseleg òg svike andre når høvet byd seg. Lukkeleg det land som enno lenge – til eigi vinning – fær hyse so trugne borgarar, rotfeste i sine gamle seder og sitt gamle mål!

Å, um eg åtte tusund tungor, so eg kunde forkynne dette for alle tyskarar! Og nye tusund, so eg liksom i ein spegel, med klåre ord, kunde te fram for kvar einaste sorbar som vanvyrder heimemålet sitt og folket sitt, kor vakert det gamle sorbiske språket er, og kor mykje vent som gøymer seg i gamal fedresed, so alle som hev kasta vrak på dette, atter kunde vende seg mot det og verte gripne av ny kjærleik til det! So alle kunde få augo upp for at alt det sermerkte og vene i sorbiske skikkar, sorbisk kledebunad, sorbisk språk og sorbisk song, alt det unders fagre som det kjære, kjølne Spreeskog-landet vårt, eller lat oss heller segja «paradiset», er fylt av – tre og vatn, gras og frukter og

allskyns velsigningar – er ei gåve og ein skatt, som Gud hev gjeve oss, og som forfedrane truge hev teke vare på. Den burde ingen sorbar i lettlynde eller tankeløyse kaste frå seg!

Sorbisk sed og sorbisk språk kjem aldri att når dei ein gong er avlagde, liksom elvevatnet, fyrst det er drive burt, ikkje kjem tilbake og på ny fløymer inn yver øydde engjar. Å laga den store Sahara-ørkenen i Afrika um til eit hav, slik sume hev tenkt seg, vilde ikkje vera vanskelegare enn å leide det kvorvne elvevatnet inn att yver dei åkrane som ein gong hev mist grorsemdi si. Ja, å skapa Sahara um til hav eller grøderikt land, vøre lettare enn å vekkje til liv att ein einaste ein av dei kongelegge oldrane som framleis stend der til pryd for Spreeskogane og til bisn for ferdafolk – og få han til å grønkast av lauv, fyrst han ein gong hev vorte skamhoggen. Sjå på ein naken older som stend og sturar etter at han hev fenge greinene kappa av: kor ynkeleg han ris mot himmelen, nett som han vilde klaga yver dei hjartelause menneski som hev teke livet hans! Du kann pynte ein slik older med grøne greiner, med dei vakraste kjerv henta frå andre tre: det hjelper ikkje – han er og blir like livlaus!

Gilde brør: Spreeskogane våre, sorbarlandet er ein slik older, og dét er det kjære sorbarfolket med. Du kann drepa den eine olderen med di at du tek elvi, det velsigningsrike vatnet ifrå han, og du kann drepa hin ved å taka språket, vårt kjære, gudvelsigna morsmål saman med sorbisk song og sed ifrå han. Gjer du det, skal du sjå at bae oldrane, både sorbarlandet og sorbarfolket, vert ståande att like sturne, like ynkelege, like livlause som den skamhogne eller kvista olderen attmed elvi. Du kann freiste å plante og så um att: Fukti, skuggen, grorsemdi, velsingingi er burte. Du kann hengje på denne avkvista,

innturka olderen å det sorbiske folket all slag framand stas, med uekte gullremsor av framand, umelta lærdom og framande, unaturlege songar. Men det som Gud sjølv hadde gjeve: den medfødde venleiken, som gledde kvar einaste framandkar og fekk han til å kjenne seg som um han hadde kome i eit paradys – den vil vera burte, og vil aldri vekse fram att. Framand sminke kann ikkje gje kinni attende den tapte raudleten. «Ikabod, Ikabod, herlegdommen er kvorven og kjem ikkje att» (1. Samuelsbok 4,21) «Ikabod» – det kunde òg bli namnet på sorbarlandet og sorbarfolket. Gud fri oss!

Ynskjer du, mitt kjære sorbiske folk, at venleiken din, dei vakre songane dine, den fagre naturen i ditt Spreeskog-paradis ikkje lenger skal vera ei glede og eit bisn for verdi – då skal du jaga burt den sorbiske elvi di, den kjære, velsigna Spree og vande målet ditt og den vene sorbiske songen! Jau, det er sant: dersom det gilde vatnet i elvi vert burte, då slepp du «ofsen», som no valdar deg so stor vande – jamvel um det kann gange mange år millom kvar gong han kjem. Men «vassnaudi», den verkelege vassnaudi vilde ikkje dermed vera ute av verdi. Tvert um, fyrst då vilde ho byrja for alvor. For den verste vassnaudi, det er ikkje ofsen, som stundom fløymer ut yver åkrane, men den stendige skorten på vatn, når bø og åker kvar sumar fåfengt torstar etter vatn og turkar inn og sprekk. Ja, når elvi tryt og heimemålet døyr, då vert folket «Ikabod». Då vert det slutt på at ferdafolk dreg til Spreeskogane og gled seg yver dei som yver det vakraste, grønaste bladet i den vene kransen av fagre brandenburgske bygder.

Som Gud Herren segjer, stend no tvo vegar opne for deg: den vegen som fører til velsigning, og den som fører til forbanning. Og som Frelsaren segjer: «Visste du berre kva som tener til din fred!» Å, akta deg so du vel den

rette vegen, velsigningsvegen! Men skulde nokon vilja tvinge deg til noko som strider mot di eigi velferd, då kann du visseleg klaga di naud for han som vil alle sorbarar og tyskarar like vel, han som ynskjer å berge alle sine frå ulukke og ikkje vil at grøderike marker skal verte umskapte til skrinnlende ... For honom kann du bera fram klagemåli dine når det trengst – for honom eller for dei trugne tenarane hans, som til dømes noverande skuleråd i Frankfurt og tidlegare i Liegnitz, Stolzenburg, som berre vil at borni skal lære so mykje tysk som er heilt upp turvande, ikkje at dei skal misse morsmålet sitt og kaste vrak på det språket som sorbarane so tidt hev målbore sin truskap mot staten i ... Når nokon lærer burt uskynlege salmar i eit framandt mål utan noko slag forklåring, då handlar han beint imot dei som ikkje ynskjer at borni skal likne dresserte fuglar, men vil at dei skal undervisast med vit og skynsemd.

Skulle det likevel vera nokon som fer so uvisleg åt, so hev kvar mann rett til å klaga han for dette hjå styresmaktene i Prøyssen eller Frankfurt. Gud vere lova at me i denne skuleråden hev ein mann som veit med seg sjølv, og hev sagt klårt ifrå til andre, at all opplæring må gjevast med forklåring og rimeleg skynsemd. Måtte berre alle vera so godlynde, so venlege og so kloke! Då vøre der visseleg mindre lærdom utan frukt.

Den som «driv dressur», greider heller ikkje å lære frå seg tysk, for ein ting er slett ikkje lært, minder han òg er forstått! Tyskarane i Bautzen vil ikkje feste tenarar frå landsbyane der all skuleopplæring er på tysk, for, som dei segjer: «Desse folki kann ikkje tysk!» «Korleis kann det ha seg! Dei hev då ikkje hatt anna enn tysk på skulen?» spør ein annan. «Nettupp difor! Dei hev lært å plapre, men dei veit ikkje kva det tyder, for dei hev aldri fenge det forklåra.»

Dei skulane der skulestyresmaktene i Berlin hev funne ut at borni er flinkast i tysk, er nettupp dei skulane der lærarane på morsmålet nøgje hev greidd ut um alt som skal lærast. Det var stor synd at denne karen frå Berlin ikkje i same rennet fekk vitja dei skulane der so godt som ingenting vert lært på sorbisk. Då hadde han fenge sjå korleis det hev seg båe stader. Eit sorbisk barn som skal lære tysk, lyt få tysken forklåra på morsmålet sitt, på same måten som når tyskarane sjølve skal lære framande mål. Kva slag undervisning hadde det vorte um ein skulde lære fransk, latin eller kva språk du vil utan noko slag forklåring. Alle vilde segja: «Maken til toskeskap!» Men det som er toske når ein hev med tyskarar å gjera, og nyttelaus lærdom for dei – dét lyt fulla vera det for sorbarar òg. Og dersom det er nokon som ikkje vil taka umsyn til det, då hev alle rett til å setja seg upp mot han og klaga på han!

Frels elvi og målet! Høyr på alle dei som elsker dykk av ærleg hjarta, og som med tårar og hugverk syrgjer djupt yver det som no kann truge dykk! Høyr på dei, høyr på dei medan det enno er tid! To vegar stend opne for dykk – sjå til at de vel den rette!

Eg kom til å tenkje på dette då eg nyst fekk eit nummer av vår kjære «Bramborske Nowiny» med ein artikkel som fylte meg med hjartans fagnad og jublande frygd, av di han synte at ogso andre framleis hev umsut for dei kjære Spreeskogane. Alt det som dei lærdaste folk hev pønska ut og gruvla seg fram til i slike praktiske spursmål, det sameiner seg no for å rope med kraftig røyst til dei kjære spreeskogingane og til andre sorbarar: Sjå dykk fyre!

Eg òg lyt i dag for ein gong skuld vende hugen frå målkunna til elvekunna og greide ut for dykk um noko som for ikkje so mange år sidan hende her i den norske fjellheimen, der eg no tidast held til. Eg sit og skriv dette brevet langt mot nord, med utsyn til berg so høge at de aldri

hev sett maken, jamvel i Schlesien eller endå lenger burte. Det er plent som dei vilde truge menneski – so loddbeine og styggsvarte ris dei mot himmelen. Marki er snjodekt, men uppetter fjellside er det mange stader so tverrbratt at snjoen ikkje fær feste. Nakne, svarte flog stirar ned på menneskekrypi fleire tusund fot under seg, so myrke i åsyni at ein kunde tru dei vilde tyne dei. Likevel er traktene her vene og unelege, allvisst um sumaren, når det er ljost heile døgret. Då heng soli og skin so forunderleg bjart yver snjokledde blånor i synsrandi, nett som ein spegel for Vårherres venleik, og fyrst langt på natt dukkar ho so vidt under himmelleitet og vert burte i tvo timar. Då stend alt so vakkert og vedunderleg grønkande som det elles berre timest ein å sjå det i England eller heime hjå oss i Spreeskogane, då brikjer, liksom i Spreeskogane i gamle dagar (!), dei store heggjene på kvar ein haug med dei kvite bukettane sine, då høyrst fuglesong frå bjørk og older, då tumlar gjætargjentone seg med bølgingen på stølsbeiti høgt til fjells, eller syng so vent og lystig på bygdemålet sitt, medan fingrane flyg og den ljose, blå himmelen skodar so blidt ned på all denne reine og skuldlause livskjæta, nett som han vilde segja: Sjå, Guds bustad er hjå desse menneski!

Like fagert er det um vinteren, når alt levande tykkjest ha rømt eller døydd, når kulden og snjoen drys det kritkvite teppet sitt ut yver fjell og fly, når elvar og bekker og fossar løyner seg under isen og alt er so stilt at kvar minste ljod kann høyrast forunderleg langt gjennom den tegjande skogen, når alle furetre lavar av snjo, nett som dei vøre joletre, og soli tittar ned frå fjelltindane eit lite bel høgstdags, akkurat lenge nok til at du kann segja: Der, attom fjelli, er ho no. Vakkert er det òg når månen og stjernone braglar på himmelen og tykkjest vilja dra heile jordi og alt som på henne er, upp til dei fagre, ljose himmelrøm-

dene, eller når nordljuset um natti fyller himmelkvelven med unders vene leter, som skyt til vers i kvite, grøne eller raude bundlar og tvingar alle jordiske tankar mot høgd. Å, det er ein so forunderleg venleik yver jord og himmel at ein snau kunde ynskje seg eit fagrare syn.

I dette vakre landet, innmed fjellet som eg no hev bustaden min under, renn det ei elv som lyt bukter og vind seg mange tusund gonger millom høge berg og vill urd før ho endeleg finn – eller greider å laga – eit vatn der ho kann kvile ut før ho dreg vidare på den lange vandrings mot havet. Nokre miler nord for der eg bur, hadde denne elvi i uminnelege tider vida seg ut til ein stor fjord, som sytte for væte og grorsemnd åt heile bygdelaget her, og dessutan var full av diger, gild fisk. Namnet på denne fjorden var Lesjevatnet (Lesje-Woda). Dei skriv det «lesje» på norsk, men det vert uttala «lěše». Sjølv sagt veit ikkje folk her kva dette namnet tyder for oss på sorbisk.

Å, hadde dei berre skyna sorbisk, so hadde sjølve namnet dagstøtt mint dei på det dei ein gong atte, men no hev mist, for «(w) lěše woda» [vatn um sumaren] er nettupp det dei no stendig vantar. Å, kor yverstrøymande er ikkje dei som kjende det, i sin ros av venleiken åt dette Lesjevatnet, slik det ein gong låg der, umgjeve av frodige bær og trivelege åkrar, med fiskarar roande i lystig takt yver den grøne yta, som lik ein blank spegel kasta attende biletet av den blå himmelen og dei høge fjelli! No er alt dette tapt for alltid! Fjelli, som eg ogso her kann sjå rise til vers med snjokledde toppar – fjelli og himmelen og alt det andre er som før. Berre det velsigningsrike vatnet er burte. Og det er menneski sjølve som hev tynt det!

Korleis det kunde gange til? Jau, folk er soleis skapte at dei aldri kann nøgast med det dei hev. Dette vatnet fløynde nok mang ein gong inn yver åkrane, nett som Spree, men kvar gong bømte det – til liks med Spree – ska-

dane med trifeld grorsemd. Men kva nytta vel det? Vatnet måtte burt, det måtte verte slutt på flaumen, ny jord måtte vinnast inn! Å, kor fint det skal bli – sa mange – når me fær so mange nye engjar, og det so godt som gratis, berre for det vesle det kostar å grava eit avlaup, ein kanal! Det skal bli gildt!

Jau, kanalen vart graven. Nokre målsmenn for styresmaktene var òg med på det. Men kva fekk dei sjå? Den nyvunne jordi var berre sand, like grøderik eller skrinn som «Høgdene» i nærleiken av Borkowy. Enno i dag, lang tid etter, er det med naudi det veks nokre grastustar der. Vatnet i elvi, som no i so mange år hev hev runne mykje lægre, hev drege seg lenger og lenger burt frå dei gode, gamle engjane og trote meir og meir, til landet langs med elvi vart liggjande der utan vatn og væte, med bøar som snautt nokon kann sjå seg mun i – turre, skrinne og ufræve. Ja, turken vart so ille at folk laut setja upp ein herskare med gjerde. I dag spør framandfolk forundra: «Kva skal dei gardane vera godt for? Det gjeng då ikkje nokor markedeild her. Og so mange det er av dei, og det midt gjennom engjane!»

«Å,» svarar den stakkars bonden, «dei gardane stend der for at snjoen ikkje skal fyke burt um vinteren, men bli liggjande, slik at han kann bråne litt etter kvart når våren kjem, og gje den tyrste jordi sopass med væte at ho greider seg yver sumaren».

Dette vatnet var det dei ein gong kalla «Lesje-Woda», som i uttalen lyder som «(w) lěše woda»! Dei ordi tyder noko på sorbisk: Folket her hadde vatn um sumaren, men dei var misnøgde og sytte sjølve for at det vart slutt på det. Og no må dei med tusundvis av gjerde binde og halde på snjoen um vinteren for at dei skal ha vatn um sumaren! Folk her skynar ikkje sorbisk, men lat oss som forstår det, leggje oss denne nyttige lærdomen på hjarta!

I Spreeskogane hev me enno, Gud vere lova, vatn um sumaren. Jagar de vatnet frå dykk, kann de òg kann hende ein vakker dag verte nøydde til å setja upp gardar for at snjoen skal bli liggjande um vinteren. Men der vilde det ikkje hjelpe stort, sidan det fell so lite snjo. «W lése woda» – måtte det namnet kvar einaste dag minne alle sorbarar i Spreeskogane um den lærdomen ein kann dra av det!

Eg lyt leggje til at saman med vatnet hev òg fisken vorte burte. Og traktene omkring den tynte fjorden, som ein gong var so frodige og grøderike, er no so skrinne og utpinte at ein framand ferdakar som ser ned på dei frå fjelli, lyt undrast yver denne fælslege audni. Kann hende kjem han då i hug den «øydeleggjande styggedom», som den gamle profeten tala um.

Ei trøyst hev dei likevel, dei som ikkje vilde samtykkje i at kanalen vart graven, men laut bøyge seg for yvermakti og finne seg i det. Etter norsk lov hev alle desse enno i dag eit varig krav på å få bøtt den skaden som vert valda dei mot deira vilje. Framleis reider det norske riksstyret kvart år ut store summar i vederlag til slike folk. I andre land finst det ikkje sovorne reglar. Der lyt dei som mæler imot, lide til liks med fleirtalet når skaden skjer. Di meir naudsynt er det at kvar og ein av dykk freistar å yvertyde dei andre um at hans syn er det rette, og – so langt han kann – få dei yver på si side.

Kjære sorbiske brør, ver gilde og tak det ikkje ille upp at eg hev gripe til pennen og ordlagt meg so sterkt. Hugs at ordi mine kjem frå eit hjarta som er breiddfullt av elsk til sorbarane og umsut for velferdi deira. Difor lyt de bera yver med det eg hev sagt! Måtte Gud gje dykk tankar som er til dykkar eige beste, og leide føtene dykkar inn på den vegen som fører til fred. Gud gjeve at den lærdomen ein kann draga av det norske Lesje-Woda, ikkje vert preika for dauve øyro hjå dykk som framleis hev vatn um

sumaren. Han gjeve òg at ingen annan lærdom, som elles burde og kunde vera nyttig og gagnleg for borni i sorbarlandet, vert nyttelaus eller ikkje ber frukt, av di språket er uskynleg eller ugreidt – eller kanskje og for di ymse slag latskap hindrar borni i å få han framlagd og forklåra på morsmålet, slik det elles allstad vert gjort...

Den som i strid med si eigi yvertyding og i strid med det fyrste store pinseunderet, anten av latskap eller – endå verre – av umsyn til verdslege fyremuner og tomt storlæte, freistar å formyrkje læreevna ikkje berre hjå eitt, men hjå mange born, han er, slik eg ser det, so nær ved å synde mot den heilage pinseanden som noko menneske i det heile kann koma ... Mot det hev Gud Fader i himmelen nådig vilja vara både oss og alle våre skuldmenn. Hans nåde og miskunn vere med oss alle og gjeve sorbarfolket kraft...

Umsett frå lågsorbisk av Ole Michael Selberg